



NOREGS HØGSTERETT

Den 7. august 2015 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane
Matningsdal, Utgård og Noer i

HR-2015-01651-U, (sak nr. 2015/1360), sivil sak, anke over orskurd:

A (advokat Elisabeth Svendsen Schøning)
mot
B (advokat Joar Heide)
gjort slikt

O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld anke over lagmannsrettens sakskostnadsavgjerd i sak om tvangssal og tvangsfråviking.
- (2) Hallingdal tingrett gav 4. september 2014 orskurd om tvangssal av eigedommar i Hemsedal kommune der B har heimelen. Orskurden vart ikkje anka, men tingretten vart seinare beden om å vurdere grunnlaget for tvangssal på ny.
- (3) Tingretten gjorde 24. februar 2015 vedtak om at det ikkje var grunnlag for omgjering.
- (4) Etter krav frå A gav Hallingdal tingrett 25. februar 2015 orskurd med slik slutning:

- "1. **B fraviker gnr. 73 bnr. 43 snr. 2 og 3 i Hemsedal kommune, gnr. 59 bnr. 174 i Hemsedal kommune.**
2. **Saksøker tilkjennes sakskostnader med kr. 16 625 inkl. mva."**

- (5) B anka både vedtaket og orskurden til Borgarting lagmannsrett, som 26. mai 2015 gav orskurd med slik slutning:

"Slutning i anken over kjennelsen

1. **Begjæring om fravikelse av gnr. 73 bnr. 43 snr. 2 og 3 i Hemsedal kommune og gnr. 59 bnr 174 i Hemsedal kommune tas ikke til følge.**
2. **I sakskostnader for tingretten og lagmannsretten betaler A 38 285 – trettiåttetusentohundreogåttifem – kroner til B innen 2 – to – uker fra forkynnelse av kjennelsen.**

Slutning i anken over beslutningen

1. **Anken over tingrettens beslutning 24. februar 2015 om ikke å omgjøre sin beslutning om tvangssalg forkastes.**
 2. **I sakskostnader for lagmannsretten betaler B 8 906 – åttetusennihundreogseks – kroner til A innen 2 – to – uker fra forkynnelse av kjennelsen."**
- (6) A har anka sakskostandsavgjerala hos lagmannsretten i avgjerala av anken over orskurden. Anken gjeld lovbruken og saksbehandlinga. Det er gjort gjeldande at avgjerala hos lagmannsretten om å idømme sakskostnader for tingretten med 20 000 kroner – som går inn under den samla summen på 38 285 kroner – er i strid med både tvangfullføringslova og tvistelova. Kravet frå B om sakskostnader for tingretten vart først sett fram i anken til lagmannsretten. Det er for seint, slik at kravet er tapt, jf. tvistelova § 20-8. B gav heller ikkje inn kostnadsoppgåve for nokon av instansane, og han kunne då heller ikkje tilkjennast meir enn 15 000 kroner i sakskostnader for lagmannsretten, jf. tvistelova § 20-5. Lagmannsretten har ikkje grunngitt kvifor sakskostnadene der vart fastsett til meir enn 15 000, og korleis retten såg på innvendingane hennar mot kravet.
- (7) Det er sett fram slik påstand:
- "1. **Lagmannsrettens kjennelse i anken over tingrettens kjennelse slutningens pkt 2 oppheves og hjemvises til ny behandling.**
 2. **A tilkjennes sakskostnader for Høyesterett med 14.660 inkl mva og ankegebyr."**
- (8) B har ikkje gitt tilsvare til Högsterett.
- (9) *Högsteretts ankeutval* viser til at saka gjeld ein særskilt anke over sakskostnadsavgjerd. Kompetansen til utvalet er då avgrensa til å prøve rettsbruk og saksbehandling hos lagmannsretten, og i tillegg bevisvurderinga så langt ho berre gjeld sakskostnadsavgjerala, jf. tvistelova § 20-9 tredje ledd.
- (10) Anken gjeld sakskostnadsavgjerala hos lagmannsretten i anken over orskurden.
- (11) Anken rettar seg for det første mot at lagmannsretten tilkjende B sakskostnader for tingretten trass i at han ikkje hadde sett fram krav om sakskostnader då saka vart behandla der. Etter praksis er sakskostnadskravet for ein instans tapt dersom det ikkje blir sett fram før saka er avslutta i vedkomande instans, jf. HR-2011-678-U og Rt. 2008 side 952. Lagmannsretten skulle derfor ikkje tilkjent sakskostnader til B for behandlinga i tingretten.

- (12) For det andre rettar anken seg mot omfanget av tilkjende sakskostnader for lagmannsretten. Det er gjort gjeldande at det ikkje var høve til å setje salæreret høgare enn til 15 000 kroner utan kostnadsoppgåve. Utvalet viser her til at advokat Heide gav opplysningar om timetal og salærersats, og at kravet til kostnadsoppgåve med det var oppfylt. Dessutan la lagmannsretten til grunn at berre halvparten av salærkravet, eller 10 500 kroner, gjaldt anken over orskurden, slik at kravet i den anken med det var under grensa på 15 000 kroner som gjeld kravet til salæroppgåve.
- (13) Lagmannsretten fann kostnadene "nødvendige, jf. tvisteloven § 20-5". Det er ingen saksbehandlingsfeil at avgjerda ikkje var grunnlagt ut over det i denne saka. Utvalet nøyser seg med å vise til at saka gjaldt fråviking av faste eigedommar, og at anken – som rett nok gjaldt både orskurd og vedtak – var på 8 sider, og at anketilsvaret var på 6 sider. Tilsvaret hadde ganske omfattande vedlegg.
- (14) Ankeutvalet har tilstrekkeleg grunnlag for å gi ny orskurd om realiteten. Sakskostnadene i anken over orskurden blir endra ved at sakskostnadene på 20 000 kroner som gjaldt tingretten, blir trekta frå i summen på 38 285 kroner som lagmannsretten tilkjende for begge instansane.
- (15) For Högsterett har anken berre delvis ført fram. Sakskostnader for Högsterett blir etter dette ikkje tilkjende.
- (16) Orskurden er samrøystes.

S L U T N I N G :

1. I lagmannsrettens orskurd i anken over orskurden punkt 2 blir tilkjent beløp endra til 18 285 kroner ogorda "tingretten og" går ut.
2. Sakskostnader for Högsterett blir ikkje tilkjent.

Karl Arne Utgård
(sign.)

Magnus Matningsdal
(sign.)

Ragnhild Noer
(sign.)

Rett utskrift: